

---

Saknr: 2020/1928-22  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		24.02.2020

## Eldrerådskonferansen 2020

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å invitere dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til eldrerådskonferanse hausten 2020. Det er viktig at ein allereie no startar planlegginga med omsyn til dato og konferansestad. Fylkeseldrerådet vel å oppnemnda ei arbeidsgruppe på tre personar til å førebu konferansen.

## Samandrag

Eldrerådskonferansen har vore ei årviss samling for dei kommunale eldreråda både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkeseldrerådet i Vestland ynskjer å vidareføre denne årlege samlinga mellom representantar frå dei kommunale eldreråda i fylket og fylkeseldrerådet. Fylkeseldrerådet ynskjer at denne haustkonferansen skal vera aktuell, relevant og interessant for deltakarane, så difor er det viktig at ein har god tid til planlegginga.

Når ein no er vorte eit stort fylke med 43 kommunar, så vert også denne konferansen av ein viss storleik. Det er såleis viktig at mest mogleg av programmet for konferansen er klart før sommaren.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssektretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er viktig at ein held fram det gode samarbeidet som fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt med dei kommunale eldreråda. Utviklinga i samfunnet skjer raskt, både på det teknologiske området og på tenestefeltet. Store omorganiseringar fører til at viktige offentlege tenester blir digitalisert/sentralisert, og velferdsteknologien gir nærast endelause moglegheiter. Om lag halvparten av kommunane i Norge prøver ut eller har teke i bruk ulike former for velferdsteknologi i sine tenester.

Likeverd, sjølvstende og deltaking er heilt avgjerande i eit lokalsamfunn - ikkje minst når tenester skal endrast og utformast. Offentleg transport er også eit særskilt viktig tema for eldreråda. Tidlegare snakka ein om at kollektivtransporten skulle gjerast tilgjengeleg for funksjonshemma - no er det omgrepet universell utforming som gjeld. God tilrettelegging er viktig for alle trafikanter, det må utformast slik at det er tilgjengeleg og brukarvenleg for alle. Skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve, men skal ein nå målet om fleire heimebuande eldre må det etablerast rutetenester slik at ein kan gje innbyggjarane eit reelt reisetilbod. Serviceskyssen og eit nytt prøveprosjekt som t.d. «Hent meg» er eit døme på det.

Den kulturelle spaserstokken er eit anna tema som råda arbeider med. Kommunane vert tildelt midlar etter søknad. Midlane skal bidra til profesjonelle kunst- og kulturopplevingar for seniorar ved at det blir tilrettelagt for ulike typer tilbod på ulike kulturarenaer, seniorsenter, sjukeheimar og elles andre arenaer der eldre oppheld seg i dagleglivet. Dette skal vera eit gratis tilbod for målgruppa.

I den seinare tid har råda fått nye oppgåver gjennom «Leve Heile Livet»-reforma og «Aldersvennlege samfunn»

Dette har vore viktige tema på eldrerådskonferansane i både sør- og nordfylket. Slike samlingar gir ny kunnskap, erfaringsutveksling og ny inspirasjon til eldrerådsarbeidet. Skal ein sikre reell medverknad må ein ha aktive eldreråd både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkeseldrerådet dekker sine utgifter innafor eige budsjett

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer å invitera representantar frå dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til haustkonferanse i 2020. Fylkeseldrerådet set ned ei arbeidsgruppe på tre personar frå rådet. Arbeidsgruppa som skal stå for planlegging og førebuing av konferansen. I tillegg vil sekretariatet tiltre gruppa ved behov, bl.a. henta inn tilbod frå aktuelle avtalehotell for eit slikt arrangement.